

Mons B. Helle frå Vaksdal, fødd 1886, fortel ei soge om vossingar på sjøen:

Som ventande kunne vera, var ikkje vessene jamt over vane med å ferdast på sjøen. Det gjekk mange soger om dei ute i fjordane. Når dei kom til sjøen, var det å låna seg ein båt, t.d. på Bølstadøyi, Dalseid, Dale, Helle eller Stanghelle. Det hende såleis med eit båtlag som var på ferd til Bergen at dei ein kveld la opp til ein gard for å overmatta. Dei rødde med mannen i huset ei stund utetter kvelden. Det var fint måneskin, og om ei stund såg mannen i huset ut på månen, og så byrja han å spørja karane kvar dei hadde lagt båten sin. Så fortalde dei han om det. «Eg trur de får sjå ned til sjøen kor det står til.» Då dei så kom ned, syntet det seg at båten hadde fjæra opp på eit skjer og kvelva rundt. Då vart dei reint forstøkte. «Det var fælt så klok den mannen var. Han såg det i månen at båten var kvelva.»

Ein annan gong var det eit lag vesser om bord i ei skute. Dei hadde heist seglet (råsegl) og kom farande inn mot Byvågen i ein frisk nordavind. Då dei nærma seg landingsstaden, skjøna dei det var turvande å sakta på farten, men dei kom ikkje på å fira seglet. I staden sprang ein mann frami etter festet og rekte det attover skuta, og så tok alle mann i trossa og sleit det beste dei vann attover, men det ville ikkje hjelpa. Så vart dei arge på kvarandre og sa: «Du tek ikkje i, du tek ikkje i!»

Ein annan gong var det eit båtlag vesser som la til lands ved ein gard for å overmatta. Då dei kom opp til garden, var det ein i laget som kom til å tenkja på om båten var til landet. Så spurde han dei andre i laget om nokon hadde beitla båten. «Nei, eg beitla ikkje båten,» sa den eine. «Nei, ikkje eg heller,» sa den andre. «Jau,» sa den tredje, «eg beitla båten om den stongi som stod midt i båten.»

No var ikkje alle vessene så kleine på sjøen, far sa at det var flinke folk mellom dei som kunne vel med både til å ro og sigla.